

Johanna eldste konfirmant-jubilant

02.10.2011



34 vel vaksne elevar på plass på Haugland-skulen

Johanna Yri (86 i april) som vart konfirmert i 1940, er den eldste av dei 34 som denne helga deltek i konfirmant-jubileet i bygda, men det er også 3 som vart konfirmert året etter: Borghild Nåsen, Gunvor Næs og Aud Moe.

Johanna, som vart konfirmert av ein syklande Knut Sellevoll, minnast at konfirmasjonen var 28. september etter at lesinga for presten hadde starta til sommarferien.



JohannaYri, Aud Moe og soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen

Krigshandlingane var då over og Johanna minnes ikkje nokon spesiell dramatikk knytta til den tyske okkupasjonen med unnatak av blendingsgardinane. Men det var allereie problem knytte til å skaffa mat, klede og sko. Aud vart året etter konfirmert av kapellan Lunde, som også var lærar i engelsk og kristendomskunnskap ved realskulen.



Kjente lokale jubilantar: Bak Gunnar Haugland, foran Hans Gustav Mussland, Pål Haugland og Asbjørn Olsen

Men konfirmasjonen gjekk relativt smertefritt for seg sjølv i krigstida samanlikna med tidlegare tider. Soknerådsmedlem Tormod Myklebust, som er den sikre leiar av jubileet, kunne i et historisk oversyn berette at nokon i Rosendal måtte venta til dei var 40 år på konfirmasjon fordi dei ikkje svara rett på kyrkjegolvet. Han streka ellers under at jubileet både hadde ei viktig sosial side og ei side fylt av ettertanke om samanhengen mellom dåp og konfirmasjon.

Første post på programmet laurdag var ein omfattande busstur rundt i bygda - ut til Steinsletten og opp til Friheim - før skulemeister Kristian Olav Bringedal leia eit klart høgdepunkt i markeringa. Den komprimerte skuledagen med bibelsoge, landkunne og skriving på timeplanen lokka fram mange minner og elevflokkene var entusiastisk med på mimringa og mintes også mykje muntert. Dei imponerte mellom anna med å skrive slik dei lærte på skulen.

Kristian var ein snill skulemeister som ikkje reagerte hardt på ein skulk eller to! Dessutan spela og song han så det var ein fryd og fortalte om den spesielle historia knytta til Hauglandskulen som vara frå 1893 til 1963. 6 av dei 34 hadde gått der: Aslaug Marie Omvik, Gunnar Haugland, Leif Matre, Pål Haugland, Hans Gustav Musland og Astrid Halleland.

Under kaffetreffen i Gamleskulen etterpå fortalte fleire om konfirmasjonen og sine liv. Det var mest gode minner og alle tykte det hadde vore ein kjekk dag og eit godt arrangement. Det held fram i dag med gudsteneste og middag på Solheim.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Skulemeisteren var snill og han spela og song